

LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.12.2019  
Vår ref.: 2016/10194-15  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Stølsmarka - planID 1263-201607

Vi viser til brev datert 29.11.2019 om høyring av forslag til detaljregulering. Hovudføremålet i planen å er rette for ei utviding av skulen, samt å sikre grøntområdet. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

### Vurdering

#### Samferdsel

Formålet med planen er utviding av skoleområdet og sikring av grøntareal. Planområdet har ein sentral plassering nær kollektivhaldeplass, handel mm. I planen er det lagt inn fortau og gangveg som sikrar trygg tilkomst frå haldeplass. Samstundes er parkeringsarealet for tilsette lagt nær skolen, og i følge føresegna i KPA er det eit minimumskrav å ha 1 parkeringsplass per årsverk for barne- og ungdomsskoler. Dette inneber at ein del trafikk vert ført inn området. Hordaland fylkeskommune vil minne om «Hjertesone-kampanjen» der målsettinga er å skape bilfrie områder kring skolen, og motivere barn og unge til å gå eller sykle til skolen. Foreldrekøyring av barn til/frå skole og trafikktrykkleik er og ein kjent problematikk. Sidan planområdet ligg nær eit rimeleg godt kollektivtilbod finn samferdselsavdelinga det uheldig at parkeringsplass med god kapasitet er lokalisert så nær skolen. Dette vil gi bilen eit konkurransefortinn framfor meir miljøvennlege reisealternativ.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld samferdsel og trafikktryggleik. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hans-Christian Engum  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunnhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

STATENS VEGVESEN REGION VEST BERGEN KONTORSTED

FYLKESMANNEN I VESTLAND